



Midsund kommune
Servicekontoret



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 Molde

Melding om vedtak

Vår ref:
2014/347/40/026

Deres ref:

Saksbehandlar:
Astrid Abelseth

Dato
27.06.2016

Kommunereforma i Midsund - Endeleg vedtak

Sender med dette melding om vedtak i ovannemnde sak:

Vedtak i Kommunestyret - 23.06.2016

1. Midsund kommune godkjenner intensjonsavtalen mellom Midsund og Molde.
2. Midsund kommune har gjennomført ein prosess ved utgreiing av ulike alternativ for kommunestruktur. Det er framforhandla 3 intensjonsavtalar. Det er også gjennomført høringar (innbyggjarundersøkingar, folkemøte og rådgivande folkerøysting). Med bakgrunn i intensjonsavtalen og utifrå ei samla fagleg vurdering, rår rådmannen til at Midsund og Molde i fellesskap dannar ein ny kommune.
3. Midsund kommune gir tilslutning til at Gjemnes og Nesset kan bli med i den nye kommunen.
4. Midsund kommune stiller seg positiv i tida fram til 01.10.2016 til søknader/henvendelsar frå evt. andre kommunar på Romsdalshalvøya/Romsdal om å slå seg saman med dei kommunane som har gjort vedtak om å etablere nye Molde kommune.

Med helsing

Astrid Abelseth
Rådgevar

Postadresse
Midsund
6475 Midsund
E-post: postmottak@midsund.kommune.no

Besøksadresse
Utsidevegen 131
www.midsund.kommune.no

Telefon
71 27 05 00
Telefaks
71 27 05 01

Bank
4202.42.79922
Org.nr
964 981 159



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2014/347-35
Arkiv: 026
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 25.05.2016

Saksframlegg

Kommunereforma i Midsund - Endeleg vedtak

Utvallsak	Utval	Møtedato
16/46	Formannskapet	16.06.2016
16/45	Kommunestyret	23.06.2016

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommune godkjenner intensjonsavtalen mellom Midsund og Molde.
2. Midsund kommune har gjennomført ein prosess ved utgreiing av ulike alternativ for kommunestruktur. Det er framforhandla 3 intensjonsavtalar. Det er også gjennomført høringar (innbyggjarundersøkingar, folkemøte og rådgivande folkerøysting). Med bakgrunn i intensjonsavtalen og utifrå ei samla fagleg vurdering, rår rådmannen til at Midsund og Molde i fellesskap dannar ein ny kommune.
3. Midsund kommune gir tilslutning til at Gjemnes og Nettet kan bli med i den nye kommunen.
4. Midsund kommune stiller seg positiv i tida fram til 01.10.2016 til søknader/henvendelsar frå evt. andre kommunar på Romsdalshalvøya/Romsdal om å slå seg saman med dei kommunane som har gjort vedtak om å etablere nye Molde kommune.

Behandling i Formannskapet - 16.06.2016

Midsund Arbeiderparti og Midsund Senterparti la fram alternativt forslag til vedtak:

1. *Midsund kommune har gjennomført ein prosess ved utgreiing av ulike alternativ for kommunestruktur. Det er framforhandla 3 intensjonsavtalar. Det er også gjennomført to innbyggjarundersøkingar, fleire folkemøte og rådgjevande folkerøysting.*
2. *Med bakgrunn i rådet frå innbyggjarane, gitt i innbyggjarundersøking og folkerøysting, ville det naturlege valet vore å slå seg saman med Aukrakommune. Sidan Aukra*

kommune har valt å stå åleine er dette ikkje lenger eit alternativ for Midsund kommune. Det er vidare dårleg oppslutning om ei samanslåing med Molde kommune i dei her nemnde innbyggjarhøyringane. Midsund kommune vil difor ikkje vedta samanslåing med andre kommunar i denne omgang.

3. *Midsund kommune vil kontinuerleg vurdere situasjonen, og spørsmålet om samanslåing med andre kommunar vil særleg være aktuelt å sjå på når samferdselsløysingar som Møreaksen og Kjerringsundet er nærare avklart.*

Ved votering fekk rådmannen sitt forslag til vedtak 3 stemmer og 2 stemte for forslaget til AP og SP.

Vedtak i Formannskapet - 16.06.2016

1. Midsund kommune godkjenner intensjonsavtalen mellom Midsund og Molde.
2. Midsund kommune har gjennomført ein prosess ved utgreiing av ulike alternativ for kommunestruktur. Det er framforhandla 3 intensjonsavtalar. Det er også gjennomført høringar (innbyggjarundersøkingar, folkemøte og rådgivande folkerøysting). Med bakgrunn i intensjonsavtalen og utifrå ei samla fagleg vurdering, rår rådmannen til at Midsund og Molde i fellesskap dannar ein ny kommune.
3. Midsund kommune gir tilslutning til at Gjemnes og Nesset kan bli med i den nye kommunen.
4. Midsund kommune stiller seg positiv i tida fram til 01.10.2016 til søknader/henvendelsar frå evt. andre kommunar på Romsdalshalvøya/Romsdal om å slå seg saman med dei kommunane som har gjort vedtak om å etablere nye Molde kommune.

Behandling i Kommunestyret - 23.06.2016

Midsund SP og Midsund AP la fram fellesforslag til alternativt vedtak:

1. *Midsund kommune har gjennomført ein prosess med utgreiing av ulike alternativ for kommunestruktur. Det er framforhandla tre intensjonsavtalar. Det er gjennomført to innbyggjarundersøkingar og ei rådgjevande folkeavstemming. Med bakgrunn i rådet frå innbyggjarane, gitt i innbyggjarundersøking og folkerøysting, ville det naturlege valet vore å slå Midsund saman med Aukra kommune. Romsdalsalternativet og alternativet med Molde har fått dårleg oppslutning.*
2. *Ei samanslåing med Aukra er ikkje aktuelt før det vert fatta vedtak om realisering av samband over Kjerringsundet, jf. vedtak i Aukra kommunestyre den 21.06.2016. Midsund kommune er positive til å ta opp att prosessen med Aukra kommune så snart det er vedtak om realisering av Kjerringsundet.*
3. *Midsund kommune skal vidareførast som eigen kommune, men spørsmålet om samanslåing med andre kommunar skal kontinuerleg vurderast.*
4. *Rådmannen utgreier innføring av e-skatt med sikte på innføring i 2017.*

Ved votering fekk rådmannen sitt forslag til vedtak 10 røyster mot 7 for alternativt forslag til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 23.06.2016

1. Midsund kommune godkjenner intensjonsavtalen mellom Midsund og Molde.
2. Midsund kommune har gjennomført ein prosess ved utgreiing av ulike alternativ for kommunestruktur. Det er framforhandla 3 intensjonsavtalar. Det er også gjennomført høringar (innbyggjarundersøkingar, folkemøte og rådgivande folkerøysting). Med bakgrunn i intensjonsavtalen og utifrå ei samla fagleg vurdering, rår rådmannen til at Midsund og Molde i fellesskap dannar ein ny kommune.
3. Midsund kommune gir tilslutning til at Gjemnes og Nesset kan bli med i den nye kommunen.
4. Midsund kommune stiller seg positiv i tida fram til 01.10.2016 til søknader/henvendelsar frå evt. andre kommunar på Romsdalshalvøya/Romsdal om å slå seg saman med dei kommunane som har gjort vedtak om å etablere nye Molde kommune.

Innleiing:

Stortinget vedtok i juni 2014 proposisjonen om kommunereforma. Målet med reforma er å skape større og meir robuste kommunar, som skal vere i betre stand til å handtere framtidens utfordringar og løyse fleire oppgåver på ein god måte. Innbyggjarane skal sikrast gode og meir likeverdige tenester, og kommunane skal vere i stand til å drive heilskapleg og samordna samfunnsutvikling. Kommunereforma skal og bidra til styrking av kommunestyrets kontroll m.a ved å redusere behovet for interkommunale løysingar/samarbeid.

Saksutgreiinga er bygd opp på grunnlag av sjekkliste/mal frå fylkesmannen. Sjekklista og kriteria for god kommunestruktur er henta frå første delrapport frå Ekspertutvalet. Rapporten er å finne på www.kommunereform.no.

Ekspertutvalet var samansett av personar med brei kommunal erfaring og kompetanse.

Ekspertutvalet vurderte dei ulike rollane ein kommune skal ha:

Tenesteytar, utøvar av mynde, samfunnsutviklar og demokratisk arena. Rapporten lister opp ein del konkrete kriterier på dei ulike områda. Saksutgreiinga er delvis bygd opp utifrå dette. Kort gjennomgang, situasjonen i Midsund no og framtidig, samt ei kort vurdering av dei ulike samanslåingsalternativa. Litt om økonomi, vidare er det ein omtale av intensjonsavtalane.

Etter folkerøystinga den 25.april fall grunnlaget for Romsdalsalternativet bort og ein har i saksframlegget ikkje via dette alternativet plass.

Bakgrunn:

Midsund er ein øykommune på Romsdalskysten og grensar mot Haram, Sandøy, Aukra, Molde og Vestnes. Fire av øyane er busett og desse øyane er knytt saman med bruer. Midsund er kommunesenteret. Midsund kommune vart til i 1965 der ein del på vel 300 innbyggjarar, som tilhørte gml. Vatne, vart slått saman med tidlegare Sør-Aukra. I 1965 var folketalet 2256. Folketalet hadde ei negativ utvikling fram til 2008 der det var nede på 1901. Etter det har

folketallet auka jamt og trutt fram mot eit folketal på 2088 per 1. januar 2015. Ein stor del av denne veksten skuldast arbeidsinnvandring og i 2014 utgjorde innbyggjarar med innvandrarbakgrunn 14,4 % av befolkninga.

Tabell: Folketalsutvikling (kjelde Fylkesstatistikken 2015)

1995	2000	2005	2010	2015
2 035	1 978	1 939	1 952	2 088

Arbeidsplassdekning 2014:

86 %

Pendling 4.kvartal 2014 (kjelde Fylkestatistikken 2015):

Molde	141
Ålesund	19
Haram	13
Fræna	9
Herøy	11
	<hr/>
	193

Skuleval for elevane i Midsund 2014/2015 (kjelde Fylkestatistikken 2015):

Akademiet Molde	6
Molde vidaregåande	22
Romsdal vidaregåande	22
Haram vidaregåande	13
Andre	17
	<hr/>
	80

Prosess

Alle kommunane i landet vart hausten 2014 invitert til å starte prosessar for å avklare om det var aktuelt å slå seg saman med nabokommunen/-ane. Kommunane fikk eit utgreiingsansvar, der vi skulle legge opp til ein prosess i kommunen. Arbeidet har vore omfattande og tidkrevjande, der folkevalde, administrasjon og tillitsvalde har vore involvert.

- I 2014 vart det vedtatt å lage eit forprosjekt for å utgreie kommunesamarbeid og eventuell samanslåing av Aukra og Midsund.

- I K-sak 2014/50 vart rapporten « Aukra og Midsund kommuner - Interesse for kommunesammenslåing» (Agenda Kaupang) tatt til vitande.

Midsund kommune har følgd opp arbeidet med kommunereforma slik:

- Delta på ROR-prosjektet « Utgreiing om framtidig kommunestruktur, basert på premissar og rammer frå sentrale styresmakter.»
- Midsund var med i 6 ulike alternativ, jf Telemarksforsking sine utgreiingar. Delrapportane frå Telemarksforsking vart presenterte for kommunestyret. Sluttrapporten framlagt i juni 2015 og i same møte reduserte kommunestyret dei 6 alternativa til 3.
- Midsund gikk vidare med desse tre alternativa:
 - Aukra – Midsund
 - Kommunar i Romsdalsregionen – ROR alternativet
 - Aukra, Midsund, Vestnes
- Justert milepælsplan vedtatt i juni 2015
- I september 2015 vart det nedsett eit sonderings-/forhandlingsutval samansett av ordførar, varaordførar, 1 representant frå Høgre og rådmann
- Dette utvalet var med på arbeidet med «Beskrivelse av ny kommune-Romsdalshalvøya» og det vart framforhandla ein intensjonsavtale mellom Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Midsund, Molde, Nesset og Rauma. I tillegg vart det inngått intensjonsavtale mellom Aukra og Midsund.
- Forhandlingsutvala i Aukra, Midsund og Vestnes møttest 14. januar 2016, og ein vart samde om at dette ikkje var eit alternativ å gå vidare med no.
- Det vart gjennomført 2 nabopratar med Molde kommune i mars.
- I K-sak 2016/25 godkjende kommunestyret intensjonsavtalen mellom Aukra og Midsund og Romsdalsalternativet. Desse to avtalane vart lagt fram for rådgivande folkerøysting den 25.april.
- I kommunestyremøte den 28.april vart det fatta vedtak om å gå i forhandlingar med Molde kommune. Forhandlingsutvalet vart utvida med 3 representantar, slik at alle politiske parti vart med.
- Gjennomført forhandlingar med Molde den 9. og 12.mai
- Den 13.mai vart det underskrive intensjonsavtale mellom Midsund og Molde.

Involvering og prosess:

Folkemøte:

Det har vore arrangert opne folkemøte/informasjonsmøte i fleire omgongar, i august 2015 og i oktober 2015 i samband med innbyggjarundersøkinga gjennomført i september/oktober og fire grendavise møte i forkant av den rådgivande folkerøystinga.

Heime-/facebookside:

Under heile prosessen har alle relevante dokument blitt publisert.

Øyavis-lokalavisa:

Ordfører og rådmann hadde skriftleg orientering (½ side) kvar måned frå januar 2015 til mars 2016.

Distribusjon av informasjon:

Intensjonsavtalane har blitt sendt til alle husstandane i kommunen.

Innbyggerundersøking:

I september/oktober 2015 gjennomførte NIVI Analyse/Respons telefonintervju til eit representativt utval på 200 personar. Rapporten ligg ved saka som uprenta vedlegg. Av sentrale resultat kan nemnast:

- 67 % såg behov for kommunereform
- 94 % såg Aukra som den mest naturlege samanslåingspartnaren
- Sterk identitet

Folkerøysting:

Rådgivande folkerøysting 25.april der det var høve til å førehandsrøyste frå 4.april. Røystinga gav slikt resultat:

870 stemmer -56,5 % valdeltaking

Alternativ Aukra-Midsund fekk 74,7 % - 650 stemmer

Alternativ Romsdal fekk 23,1 % - 201 stemmer

Blank fekk 2,2 % -19 stemmer

Innbyggerundersøking mai/juni:

I mai/juni gjennomførte Opinion ei innbyggerundersøking mellom eit representativt utval på 200 respondentar: Rapporten ligg ved saka som uprenta vedlegg. Av resultatane kan nemnast:

- 47% svarar at dei har gjort seg kjent med intensjonsavtalen mellom Midsund og Molde
- 45 % er i stor grad fornøgd med innhaldet i avtalen
- Mest avgjerande for framtida for Midsund er utbygging av Midsund skule
- 7 av 10 er negativ til innføring av eigedomsskatt
- 46 % oppgir at dei i liten grad har gjort seg kjend med nytt inntektssystem
- 45 % trur nytt inntektssystem vil påverke tenestetilbodet negativt, 35 % trur ikkje det får konsekvensar, 11 % trur det vil påverke tenestetilbodet positivt
- Nær to av tre ønskjer at Midsund skal fortsetje som eigen kommune
- Realisering av samferdselsprosjekt gjer kommunesamanslåing meir aktuelt
- Eit knapt fleirtal stiller seg negativ til at Midsund og Molde lager ein ny kommune
- 2 av 3 stiller seg positiv til at andre kommunar blir med i ein ny kommune

Vurdering av kommunen som tenesteutøvar

Kommunen har ansvar for å levere ei rekkje tenester til innbyggerane. Dei største tenesteområda er skule/SFO, barnehage og helse/omsorg.

Store basale tenester:

Barnehage, grunnskule, SFO, kulturskule, sjukeheim, heimesjukepleie, sosiale tenester

Spesialiserte tenester:

Spesialundervisning, PPT, barnevern, helsestasjon, fastlege, brannvern, renovasjon, veg, vatn, avløp, beredskap, forurensing/klima, krisesenter, bibliotek, rusarbeid, psykisk helsearbeid, habilitering, rehabilitering, spesialsjukepleie (kreft, diabetes, kols mm) kommunal akutt døgnplassar (somatisk og rus/psykiatri).

Ekspertutvalet sette følgjande kriterium som sentrale for at ein kommune skal kunne ivareta si rolle som tenesteytar:

- Tilstreккеleg kapasitet
- Effektiv tenesteproduksjon
- Økonomisk soliditet
- Valfridom

Vurdering av situasjonen i Midsund:

Vi har over tid slite med tilgangen på fagpersonell. Det har i mange år vore relativt lite tilgang på sjukepleiarar – nett no er situasjonen betre, Midsund har slite og slit med å skaffe barnehagelærarar og dei siste åra har vi hatt mindre tilgang på godt kompetente grunnskulelærarar.

I dei spesialiserte oppgåvene er stoda endå meir krevjande. På ei rekkje av områda nyttar vi interkommunalt samarbeid. Vi er med i ROR IKT då dette er ei oppgåve vi ikkje maktar sjølv. Elles er vi med i ei rekkje andre interkommunale samarbeid – her kan nemnast; akutt forureining sjø, hamne, brann, barnevern, PPT, innkjøp, krisesenter, renovasjon, legevakt etc.

Molde er skatteoppkrevjar for Midsund.

Når det gjeld saksbehandling er Midsund sær sårbar. Ein og same person innehar mange oppgåver/fagfelt. Tilgang på kvalifisert personell innan teknisk sektor er vanskeleg. Små og sårbare fagmiljø er ikkje eit aktivum i så måte. Utstrakt bruk av kombinasjonsstillingar : løn, personal, saksbehandling innan kultur, alkohollovgjeving, ulike serviceordningar, grunnskule, barnehage, tenestekontor omsorg/helse, byggesak/geodata, bibliotek, diverse sekretær oppgåver, beredskap, kvalitetssikring/internkontroll.

Framtidsvurdering

Midsund er i dag sær avhengig av interkommunale samarbeid. Ein opplever at tenester som krev ytterlegare spesialisering vert overført til kommunane; rus/psykiatri, rehabilitering og andre spesialiserte funksjonar. Tilgangen på ingeniørar er ein kritisk faktor i dag og vil vere avgjerande for om ein på det tekniske området må søke løysingar på tvers av kommunegrensene.

Rådmannen si vurdering av alternativa:

Aukra - Midsund

Dette alternativet kan gi eit litt større fagmiljø med betre kapasitet og kompetanse. Den nye kommunen vil i liten grad føre til at kommunen kan handtere fleire oppgåver i eigen organisasjon. Behovet for interkommunale tenestetilbod vil vere stort.

Midsund - Molde

Dette alternativet oppfyller i stor grad kravet til tenesteutøving når ein legg til grunn at basisteneste skal vere der dei er i dag. Innan dei spesialiserte tenesteområda vil den nye kommunen svare ut krava på ein god måte. Tenester som krev beredskap må vere lokalisert på øya.

Vurdering av kommunen si rolle for å ivareta rettstryggleiken til innbyggjarane.

I delrapporten frå Ekspertutvalet heiter det på side 71.

Ulike rettssikkerhetskrav skal sikre at innbyggerne er beskyttet mot vilkårlig inngrep frå myndighetenes side, og får det de har rett til etter lovverket. Den enkelte skal kunne gjøre seg kjent med rettsstillingen sin og kunne forsvare sine rettslige interesser. Forvaltningsavgjørelser skal være forutsigbare og alle sammenlignbare saker skal i prinsippet behandles likt.

Habilitetsreglene er sentrale for å ivareta hensynet til rettssikkerhet. De alminnelige reglene om habilitet i forvaltningsloven kapittel II skal sikre at kommunalt ansatte eller folkevalgte med en særskilt tilknytning til saken eller den saken gjelder, gjennom slektskap eller andre særegne forhold, ikke skal delta i saksbehandlingen av eller avgjørelsen i denne. Gjennom kravet om at kommunale avgjørelser skal forberedes og treffes av habile tjenestemenn og folkevalgte, skal innbyggerne sikres en objektiv og upartisk saksbehandling. Det oppfattes som viktig for innbyggernes tillit til forvaltningen.

Utviklingstrekk

Dei siste tiåra har kommunane fått tillagt stadig fleire oppgåver gjennom særlover. Dette medfører eit sterkare fokus på korleis kommunesektoren løyser oppgåvene. Omfanget av individuelle rettar har auka både på oppvekst- og helse- og sosialområdet. Stadig fleire tenester blir gitt med utgangspunkt i enkeltvedtak dette fører til strengare krav til dokumentasjon, saksbehandling og klagebehandling. Kommunen som myndigheitsutøvar finn ein innan plan- og byggesaksbehandling. Utviklingstrekket med styrking av innbyggjarane sin rettstryggleik medfører meirarbeid, auka krav til kompetanse og legg beslag på større ressursar (internkontroll/sikring av kompetanse/dokumentasjon).

Ekspertutvalet slo fast følgjande kriterier som sentrale for at kommunen skulle ivareta rettstryggleiken:

- Tilstreккеleg kapasitet
- Relevant kompetanse
- Tilstreккеleg distanse

Dagens situasjon i Midsund:

Midsund kommune er så liten og «gjennomsiktleg» at alle kjenner «alle» og i ein del høve opplever ein dette som krevjande. Barnevernssaker tek Molde seg av som ein del av vertskommunesamarbeidet på dette området. Ein har fokus på habilitet både administrativt og politisk.

Relevant kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet.

Innan helse og omsorg opplever ein større og større utfordringar til dei store krava som bli stilt til saksbehandling som gjeld bruk av tvang og makt. Innkjøp er eit anna utfordrande område og her har vi inngått ny avtale om interkommunalt samarbeid. Offentlege anskaffelsar er ei anna utfordring for oss.

På saksbehandlingsområdet er det og behov for juridisk kompetanse. Dette er kompetanse som vi i liten grad har. Få saksbehandlarar som driv saksbehandling over eit breitt spekter er eit anna trekk ved Midsund kommune. Sårbarheita er stor.

Framtidsutsikter:

Auka kompleksitet i lovverk og forskrifter og større bevisstheit hos innbyggerane på sine rettar gjer at konsekvensane av å gjere feil kan bli store; både menneskeleg, materielt og økonomisk. Kommunane må vere budde på å i større grad bli dregne inn i rettstvistar der kravet til saksbehandling og dokumentasjon blir viktig.

Rådmannen si vurdering av alternativa:

Aukra - Midsund

Dette alternativet vil i noko grad auke kapasitet og kompetanse. Avstanden vil bli noko større, men framleis vil det vere ein liten kommune. Aukra og Midsund har i dag vertskommunesamarbeid med Molde m.a. innan PPT og Barnevern.

Midsund-Molde

Kriteria til ekspertutvalet vil i stor grad bli oppfylt.

Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar:

Kommunane har etter plan- og bygningslova hovudansvaret for forvaltning av det meste av arealressursen. Kommunane si oppgåve er å sikre gode levekår for innbyggerane og gi næringslivet gode rammevilkår. Mål som å styrke attraktiviteten som grunnlag for næringsutvikling, reiseliv og busetjing er viktig for mange kommunar. Vidare skal kommunane fremme helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold i befolkninga. Plan- og bygningslova

krev at kommunale planar skal legge til rette for god utforming av bygg, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår. Eit anna viktig område er samfunnssikkerheit.

Planlovutvalet peikte på ei rekkje område knytt til samferdsel og infrastruktur, kystsone og vassdragsforvaltning, lokalisering av kjøpesenter, bustad og næringsstruktur, samt viktige oppgåver innan miljøvern som ikkje let seg løyse i kvar kommune åleine. Klimautfordringane har og i større grad blitt ei kommunal oppgåve. Krav om heilskapstenking på tvers av kommunegrensene er aukande. Det kommunale plan og miljøapparatet (for dei som har det) blir pressa som følgje av nye og endra lovkrav.

Ekspertutvalet fastslo følgjande sentrale kriterier for at ein kommune skal kunne ivareta si rolle som samfunnsutviklar:

- Funksjonelle samfunnsutviklingsområde
- Tilstrekkeleg kapasitet
- Relevant kompetanse

Vurdering av situasjonen i Midsund.

Ordføraren samordnar kontakten med næringslivet. Næringsforumet er ein sentral og viktig samarbeidspartnar. Vidare er det i dag utstrakt samarbeid via regionråda og ordførarane og næringsforuma samarbeider over kommunegrensene. Eit funksjonelt samfunnsutviklingsområde har stor grad av interaksjon; arbeids- og skulependling, fritidsaktivitetar og kulturelle opplevingar. Planlegginga av fjordkryssinga E39 Vik-Julbøen og utarbeiding av felles plan for Romsdalsfjorden er døme på gode samarbeid mellom kommunane. Oppstår det usemje mellom kommunane kan det vere til hinder for samarbeidet. Slike arbeid vil vere enklare å gjennomføre i ein større kommune.

Relevant kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet.

Midsund var utan planleggar i mange år, men og no har vi ein samfunnsplanleggar på plass. Med ein minimal stab på teknisk som har ei rad andre oppgåver å løyse, må ein kunne seie kapasiteten er knapp. Mangel på fagmiljø og minimal bemanning gjer at dette er ein særskilt krevjande situasjon.

Framtidsutsikter:

Stadig større kompleksitet i lovverk og forskrifter. Feil kan få store negative følgjer. På dette feltet har Midsund stort behov for å samarbeide med andre kommunar.

Aukra - Midsund

Kan føre til noko større fagmiljø og mindre sårbarheit. Med Kjerringsundet på plass vil dei to kommunane bli knytt saman. Fastlandsdelen i Aukra vil ikkje «henge saman» med resten av kommunen. Den nye kommunen vil framleis vere liten. Lite interaksjon mellom dei to kommunane i dag. Begge kommunane har høg innpendling til Molde; Aukra over 25 % og Midsund over 15 %.

Midsund - Molde

Den nye kommunen vil i større grad vere eit funksjonelt samfunnsutviklingsområde. Kommunen vil sikre tilstrekkeleg kapasitet og relevant kompetanse. Næringsstrukturen i dei to kommunane vil utfylle kvarandre på ein god måte. Midsund sitt fortrinn vil vere styrke innan fiskeri/havbruk og utviklingsmulegheitene som ligg i det marine.

Vurdering av kommunen si rolle som demokratisk arena

Formannskapslova av 1837 gav norske kommunar lokalt sjølvstyre innanfor rammene av eit nasjonalt styringsystem. Kommunane har etter kvart fått mange oppgåver. Den statlege styringa skal baserast på rammestyring, rettleiing og dialog. Med den store auken i oppgåver og kanskje mindre handlingsrom, set det kommunane i ein vanskeleg situasjon. For å løyse alle oppgåvene har omfanget av interkommunalt samarbeid vokse. Mange av desse samarbeida er utanfor lokalpolitisk styring og kontroll. Kompleksitet, auka forventningar og mange fleire oppgåver gjer at det er utstrakt bruk av delegasjon frå politisk nivå til administrasjonen.

Ekspertutvalet fastslo følgjande kriterier som sentrale for at ein kommune skal kunne ivareta si rolle som demokratisk arena:

- Høg politisk deltaking
- Lokal politisk styring
- Lokal identitet
- Brei oppgåveportefølgje
- Statleg rammestyring

Dei to siste kriteria rettar seg mot staten.

Vurdering av situasjonen i Midsund:

Kommunestyret har fleire medlemmar enn kommunelova krev – 17 medlemmar. Det var seks lister ved valet i 2015. Det har vore vanskar med å rekruttere/få folk til å stille på liste. I valperioden 2011 - 2015 stilte ikkje landets største parti, Ap, liste. Midsund har slite med dårleg kvinnerepresentasjon i mange periodar. Kvinnerepresentasjonen betra seg mykje ved siste val og no sit det 9 menn og 8 kvinner i kommunestyret. Midsund er med i ei rekkje interkommunale samarbeid med dei demokratiske utfordringane det medfører. Tronge økonomiske rammer gjer og at handlingsrommet er lite. Liten og pressa administrasjon som slit med å leggje godt nok til rette for gode beslutningar. Relativt låg valdeltaking. Kommunen har ei utfordring i å etablere gode medverknadsprosessar der velforeningar/grendalag er med.

Aukra - Midsund

Kvalitet i prosessar og vedtak kan bli betre i ein større kommune. Oversiktleg og korte avstandar gjer at det vil vere lite behov for styrking av lokaldemokratiet. Samanslåing kan gi færre folkevalde. Det vil vere stort behov for interkommunale samarbeid. Den nye kommunen har ikkje potensiale i seg til å ta på seg nye oppgåver.

Midsund - Molde

Betring i kvalitet i prosessar og vedtak. Lite endring i valdeltakinga. Færre folkevalde, kan før til større avstand mellom innbyggjar og politikar. Den nye kommunen har potensiale til å ta på seg nye oppgåver utan behov for interkommunalt samarbeid. Det vil styrke den direkte politiske styringa. Her kan vere behov for tiltak for å styrke lokaldemokratiet på grunn av færre politikarar/større avstand.

Økonomi

Midsund kommune var i 2011/2012 innom Robek- registeret, men har ved hjelp av stram økonomistyring, mindreforbruk pga vakansar, og ein stor dugnad, klart og halde budsjetttrammene i perioden 2012-2015.

Netto driftsresultat:

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) rår til at netto driftsresultat for kommunesektoren over tid bør vere minst 1,75% av driftsinntektene. Eit slikt netto driftsresultat vil innebere at kommunen kan bygge opp ein «buffer» mot uføresette auka utgifter eller reduserte inntekter. Dei siste par åra har Midsund vore langt frå å nå dette målet med negativt netto driftsresultat i 2014 på – kr. 684.814,-(-0,4%) og kr. 1.597.323,- (0,9%) i 2015.

Disposisjonsfond:

Midsund har pr. 01.01.2016 kr. 5.256.039,- i disposisjonsfond.

Lånegjeld:

Midsund har ei netto lånegjeld på kr 67 479 per innbyggjar (2015 tal). Det er høgt både i forhold til gjennomsnitt for Kostra gruppe 4 som er på kr 60 248 og gjennomsnitt for Møre og Romsdal med kr 55 288. Med høg lånegjeld er kommunen svært sårbar for renteauke.

For meir enn 50% av gjelda er renterisiko for kommunen redusert gjennom:

- Fastrentelån
- Rentekompensasjonsordning i Husbanken
- Kapitalkostnader inngår i gebyrgrunnlag ved sjølvkost

Nytt inntektssystem frå 2017

Basistilskottet, som i dag er på 13,3 mill kroner, er i dag likt for alle kommunar. I det nye inntektssystemet vil kommunar som har store avstandar, at dei er ufrivillig små framleis få fullt basistilskott. Kommunar i meir tettbygde strøk, som framleis vel å vere små, vil få redusert basistilskot. For Midsund kommune vil denne endringa gjer at kommunen taper kr. 151.000,- (2016 kroner).

Dagens regionalpolitiske tilskott blir vidareført, men innretninga på desse blir noko endra. Tre av dagens tilskott blir samla i to, eit distriktstilskott for Sør-Norge og eit for Nord-Norge.

Det er distriktsindeksen som avgjer storleiken på dette.

For Midsund kommune vil denne endringa vere svært negativ og kommunen vil med dagens tal på distriktsindeksen (56) tape kr. 2.737.500,- (2016 kroner) på omlegginga.

Inntektssystemet blir og ca kvart fjerde år oppdatert på kostnadsnøklar i utgiftsutjamninga. Dette er det lite politikk i, då dei er basert på nye analyser av kommunane sine utgifter. Oppdateringa er i tråd med endringar i befolkningssamansetning, busettingsmønster, levekår og andre forhold

som gjer at det er kostnadsforskjellar mellom kommunane. Utgiftsindeksen til Midsund er auka frå 1,2333% til 1,2383%. Det er for tidleg å seie kor dette slår ut då ein bruker folketal pr. 01.07 som grunnlag for neste års rammetilskot.

Overgangsordninga INGAR, som skal hindre at kommunane får bråe utslag i inntektene ved endringar av inntektssystemet, gjer at ein ikkje får fullt ut effekt av endringar det første året.

Havbruksfondet

I revidert nasjonalbudsjett for 2016 legg regjeringa fram sitt forslag om eit havbruksfond for fordeling av vederlag for kapasitetsauke i norsk lakse- og ørretoppdrett. Stortinget har lagt til grunn at 80 prosent av framtidige vederlag skal tilfalle kommunal sektor. Sidan Midsund kommune har fleire oppdrettsanlegg, vil vår kommune kome inn under denne ordninga. Det er foreløpig for tidleg å fastsetje når og kor mykje ein vil kunne få utbetalt frå eit slikt havbruksfond.

Eigedomsskatt

Midsund kommune har ikkje innført eigedomsskatt. Berekningar foretatt i 2013 viste at med ein skattesats på 2 promille ville ha eit inntektspotensialet på om lag 2,5 mill kroner per år.

Midsund har gjennomført fleire strukturelle grep, og her ligg det ikkje så store innsparingsmulegheiter.

Viser elles til orientering i møte den 6.juni og utsendt notat.

Litt om dei to intensjonsavtalane:

Intensjonsavtalen mellom Aukra og Midsund.

Her er det ein føresetnad at realisering av Kjerringsundet er oppstarta. Det er knytt stor usikkerheit til om og når dette prosjektet vert realisert. Prosjektet er ikkje fullfinansiert sjølv om Aukra kommune har vedtatt å avsetje 90 millionar kroner i 20 år. Det store spørsmålet er om prosjektet får dei nødvendige statlege garantiane. I påvente av det må Midsund stå åleine, uvisst kor lenge, noko vi etter rådmannen si oppfatning ikkje har råd til.

Ei realisering av Kjerringsundet og Møreaksen vil og vere ei utfordring for fastlandsdelen i Aukra, der ein må reise igjennom Molde før ein kryssar to sund med bruer før ein kjem til kommunesenteret. Etter rådmannen sitt syn, burde Kjerringsundsambandet vore ein del av ein større regional løysing, Aukra –Midsund er ikkje nok.

Historiske band løyser ikkje nødvendigvis framtidens utfordringar.

Det er liten interaksjon mellom kommunane i dag. På tenestesida er det stort sett berre legevaktsamarbeidet att – dette samarbeidet er under press, og vi må sjå på alternative løysingar innan kort tid.

I sluttrapporten frå Telemarksforsking side 73 står: *Når en legger til grunn målene ved kommunereformen, er dette det alternativet (les Aukra – Midsund) som kommer dårligst ut i utredningen. Av de fire utredningstemaene, gjør dette alternativet det på økonomi. Dette er blant annet knyttet til Aukras gode, finansielle situasjon. Ellers scorer alternativet lavt både på samfunnsutvikling, tjenester og lokaldemokrati. Riktig nok vil en sammenslåing mellom Aukra og*

Midsund, bety betre kapasitet for Midsund. Men kommunen vil være langt unna målene i kommunereforma, og fortsatt være avhengig av interkommunale samarbeid for å løse dagens og framtidige oppgaver.

Aukra- Midsund alternativet oppfyller ikkje måla i reforma, dette saman med usikkerheita som er knytt til realiseringa av Kjerringsundet, gjer at rådmannen ikkje ser dette som eit godt og framtidsretta alternativ.

Intensjonsavtalen mellom Midsund og Molde:

Etter rådmannen sitt syn, er dette ein god avtale for Midsund. Basistenestene skal behaldast og vidareutviklast. Midsund er sikra god representasjon i fellesnemnda. Reformstøtta på 20 millionar skal i si heilheit disponerast i Midsund av sitjande kommunestyre.

Vidare skal det arbeidast for å få beredskapsferja på plass. Avtalen opnar opp for at Midsund kan få gjennomført viktige investeringsprosjekt dei komande åra. Dette er prosjekt som det blir vanskeleg for Midsund å gjennomføre om vi blir ståande åleine. Vidare kan Midsundsamfunnet fritakast for eigedomsskatt fram til fastlandssambandet er på plass.

Sjølv om ein i påvente av Møreaksen, må basere seg på ferje for å nå kommunesenteret, er ferjeregulariteten så god og når ein i tillegg har sikra nødvendig beredskap mellom anna innan teknisk sektor, er dette ei akseptabel løysing.

Avtalen med Molde oppfyller i stor grad måla i kommunereforma. Vi vil få større og meir robuste fagmiljø som sikrar gode tenester for innbygarane. Avtalen sikrar at store og viktige investeringsprosjekt i Midsund kan gjennomførast. Dette vil gi positive ringverknader for lokalsamfunnet. Ein ny felles kommune saman med Molde vil vere framtidsretta og vil sikre gode tenester for innbygarane våre.

Hovudmåla for reforma

Alternativa og vedtaka som skal fattast skal målast opp mot hovudmåla for kommunereforma.

1. *Gode og likeverdige tenester til innbyggerne. Større kommuner med bedre kapasitet og kompetanse vil legge til rette for gode og likeverdige tenester over hele landet. Større fagmiljø vil gi meir stabile arbeidsmiljø, bredde i kompetansen og en bredere tiltaksportefølgje, særlig i små og spesialiserte tenester.*
2. *Helhetlig og samordnet samfunnsutvikling. Kommunesektoren skal bli bedre i stand til å løse nasjonale utfordringer. Reforma skal bedre forutsetningene for en styrket og samordnet lokal- og regional utvikling i alle deler av landet både når det gjelder arealbruk, samfunnssikkerhet og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utviklingen i kommunen. Det er ønskelig at kommunegrensene i større grad tilpasses naturlige bo- og markedsregioner.*

3. *Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner*
Større kommuner vil ha større ressursgrunnlag og kan også ha en meir variert befolknings-og nærings sammensetning. Det gjør kommunene meir robuste overfor uforusette hendelser og utviklingstrekk. Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner vil legge til rette for en meir effektiv ressursbruk innenfor begrensede økonomiske rammer.
4. *Styrke demokratiet og gi større kommuner fleire oppgaver*
Større og meir robuste kommuner kan få fleire oppgaver. Dette vil gi økt makt og myndighet til kommunene, og dermed økt selvstyre. Større kommuner vil også redusere behovet for interkommunale løsninger. Færre og større kommuner som gjennomfører en velferdspolitik i henhold til nasjonale mål, vil redusere behovet for statlig detaljstyring. Kommunen vil slik få større frihet til å prioritere og tilpasse velferdstilbudet til innbyggernes behov.

Midsund som eigen kommune:

Midsund som eigen kommune har ikkje blitt foreslått som eit alternativ. I saksutgreiinga ovanfor har rådmannen forsøkt å beskrive mange av utfordringane vi står oppe i. Nytt inntektssystem gjer at vi misser knapt 3 millionar kroner i året frå 2017, dette blir delvis kompensert gjennom INGAR. Når ein og veit at vi har driftsmessige utfordringar inneverande år, og ein veit at vi må gjere driftsmessige endringar som vil gi oss ytterlegare utfordringar i 2017 og dei komande åra, er biletet heller dystert. Viser til orienteringa gitt i kommunestyremøte 6.juni.

Med eit så marginalt utgangspunkt som vi har, der det er behov for styrking av bemanninga på mange område, gjer at vi er i ein vanskeleg situasjon både bemanningsmessig og økonomisk. Reduksjonen i inntektene vil få konsekvensar for tenestetilbodet. I dag slit vi med å etterleve og oppfylle krava og forventningane til Storting og regjering og med nytt inntektssystemet vil situasjonen bli forverra.

Dei økonomiske incitamenta som er knytt til reforma er betinga av at det vert gjort vedtak før 1. juli. Vel Midsund å stå åleine, misser vi desse midlane med dei konsekvensane det vil medføre.

Eit hovudtema i kommunereforma er korleis kommunane løyser dagens og framtidens oppgåver. Midsund med vel 2000 innbyggjarar leverer gode basistjenester, men for å løyse spesialtenestene må vi i stor grad ty til interkommunale samarbeid. Fagmiljøa er små og sårbare og vi har mange kombi-stillingar der ein og same person skal dekkje mange fagfelt. Vi er ikkje rusta for å ta på oss nye oppgåver. Krava til ein generalistkommune er vi langt ifrå å oppfylle.

Nytt inntektssystem gjer den økonomiske situasjonen for Midsund endå vanskelegare, og rådmannen kan vanskeleg sjå at Midsund ved å stå åleine vil møte morgondagens oppgåver på ein god nok måte.

Oppsummering:

Midsund kommune har gjennomført prosessen knytt til arbeidet med kommunereforma i tråd med fastsett plan. Tidsskjemaet har vore stramt og frå fleire hald har det vore ytra ønskje om meir tid utan at det ønskje har blitt imøtekome.

Medverknad og informasjon er utfordrande og viktige tema. Ein kan stille spørsmål med om vi i stor og god nok grad har nådd ut til innbyggjarane våre med kva utfordringar og val vi reelt sett står overfor.

Rådmannen meiner den gjennomførte prosessen gir eit tilfredstillande grunnlag for at kommunestyret skal fatte sitt endelege vedtak i saka.

Med dette legg rådmannen fram saka til politisk behandling i formannskap og kommunestyre, der ein rår til at Midsund lagar ein ny kommune saman med Molde.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Vedlegg (prenta):

Intensjonsavtalen mellom Aukra og Midsund
Intensjonsavtalen mellom Midsund og Molde.

Vedlegg (uprenta):

Rapport frå innbyggjarhøringane
Rapportane frå Telemarksforsking.

Særutskrift går til: